

# ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2020

ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)  
Nils Tore Gram Økland (nestleiar)  
Randi Helland

Varamedlemer:

Birger R. Larsen  
Tove Irene Garli  
Hans Emil Johansen

Politiske medlemer:

KST	Kristin Steinsland (V)	Øyvind Kyvik (H)
U-RHO	Sunniva H. Sande (Sp)	Brit D. Reksnes (Ap)

Sekretær: Haldis Lauksund

Møtestad: Formannskapssalen/Kommunestyresalen/Nettmøte

\*\*\* \*\*

2020 var eit uvanleg år for alle grunna koronaen og regjeringa sine restriksjonar. Eldrerådet sine møte f.o.m. april vart gjennomført i kommunestyresalen (1 m avstand) eller som kombinasjon, der leiar og sekretær satt på rådhuset og dei andre følgte møtet heimanfrå via nettet.

I 2020 vart det halde 8 møte, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Dette var fordelt på 13 politiske saker, 42 referatsaker og 4 orienteringar.

## 1. POLITISKE SAKER

Nokre saker vert referert spesielt:

Årsbudsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024 - her uttalte Eldrerådet følgjande:

*Eldrerådet meiner tekstdelen til RHO-budsjettet er oversiktleg og gir god informasjon om intensjonar og status for Stord kommune på dette budsjettområdet.*

*Eldrerådet er nøgd med at rådmannen uttrykkjer at kommunen vil satsa på område som velferdsteknologi, frivillighetssentralen og dag- og heimerehabilitering, men eldrerådet vil peika på følgjande:*

- Den kommunale satsinga viser seg ikkje i budsjettala for heimebaserte tenester, rehabiliteringstenester og frisklivscentralen når ein samanliknar med budsjettet for 2020. Midlar til aktivisering av eldre er også redusert. Alle former for habilitering og rehabilitering er til gode både for den einskillde og samfunnet, og må difor styrkast i budsjettet, Eldrerådet kan ikkje godta at bemanninga på dagrehabiliteringa på rehabiliteringssenteret vert nedsett.*
- Eldrerådet kan ikkje godta at ein utset å ta i bruk 5 nye plassar på Sjukeheimen til 1. mai 2021.*
- Økonomiplanen 2021-24 har heller ikkje lagt inn nye investeringar i institusjons-/omsorgsplassar for eldre og andre etter 2021. Dette er ikkje tilfredsstillande då prognosane viser sterk vekst i talet på eldre dei komande åra, samstundes som kommunen alt no har ei tydeleg underdekning på slike plassar.*

- Eldrerådet støttar dei mange gode tiltaka som gjer at eldre kan bu trygt heime lenger, og vil tilrå at aldersgruppa som får tilbod om førebyggjande heimebesøk vert endra frå 78 til seinast 75 år.
- Stord kommune er med i det nasjonale nettverket Aldersvenlege lokalsamfunn. Eit aspekt ved dette arbeidet er tiltak mot einsemd, eit samfunnsproblem som særleg råkar eldre. No i koronatider er dette eit særleg påtrengande problem. Ei kommunal arbeidsgruppe arbeider med konkrete prosjekt, der det å utvikla sosiale møteplassar er eit hovudmål. Arbeidsgruppa skaffar betydelege eksterne midlar, men treng midlar som kan skytast inn som kommunal eigendel for å søkja om meir eksterne tilskot. Eldrerådet foreslår at det vert sett av 100.000,- til dette føremålet i 2021.

#### Vurdering av eige produksjonskjøkken i Stord kommune

Eldrerådet tilrår at ein i første omgang vel alternativ 4 og at ein førebur oppstart i 2021.

Grunngjeving: sjå grunngjeving for alternativ 4 på side 9 og 16 i Forstudien.

Eldrerådet meiner at alternativ 4 må vera første steg mot kok-server også på Knutsåsen omsorgssenter (alt. 3).

#### Leva heile livet reforma

- Utval for rehabilitering, helse og omsorg tek saka til orientering.
- Utvalet ber om at vidare oppfølging av reforma vert ein del av prioritert handlingsplan i ny plan for rehabilitering, helse og omsorg.
- For å sikra best mogleg grunnlag på tiltak bør det gjennomførast spørjeundersøkingar om livsvilkår for eldre over 65 år i kommunen, etter modell av Ung-data undersøkinga. (Nytt pkt. 3 var eit framlegg for Eldrerådet v/Nils Tore Gram Økland).

#### Plan for utvikling av legetenesta 2020-2028

##### Høyring

Eldrerådet ser positivt på planen og har forslag til tillegg til punktet som gjeld frisklivs-tiltak under overskrifta «Oppsummering – utfordringar og tiltak med vurdering og prioritering». Sjå tekst med feit skrift:

Det skal leggjast til rette for at legar og anna personell i legesenter kan ta del i dette.

Fastlegane gjev informasjon om frisklivs-tilbodet **og tek aktivt i bruk frisklivs-resept** til personar med trong for støtte i høve endring av livsstil.

##### Vedtak av planen

Eldrerådet støttar rådmannen si innstilling men ønskjer å foreslå nytt pkt. 3:

Det bør gjerast ei årleg status-oppsummering før budsjettprosessen startar med påfølgjande justering av den 4-årige handlingsplanen.

#### Seniorprisen 2020

Stord eldreråd vedtek å gje seniorprisen 2020 til Stord Røde Kors Besøkstenesta. Og vil dermed og takka og heidra dei mange frivillige som gjennom åra har delteke i arbeidet.

##### Grunngjeving:

Stord Røde Kors Pasientvenner vart starta i 1958. Seinare er namnet endra til Besøkstenesta, men på Stord sjukehus blir dei framleis kalla Pasientvenner. Det er ca. 30 personar som deltek i dette arbeidet. Det er i hovudsak pensjonistar.

Pasientvenene er på besøk på sjukehuset kvar måndag og onsdag. På måndag har dei med ei tralle med bøker, men sidan pasientane vanlegvis ikkje ligg på sjukehus lenge, blir det gjerne samtale rundt ei bok med dei som er interessert i det. På onsdag går dei rundt med ei tralle med kioskvarer. Dette er godt motteke, då det ikkje lenger er kiosk på sjukehuset.

*Men noko av det viktigaste begge dagane, er å samtale med pasientane. Det vert avklart på vaktrom om det er nokon som ikkje skal ha besøk.*

*Kvar veke er dei på besøk på sjukeheimen og på Knutsaåsen omsorgssenter. Dei møtes gjerne i daglegstova og snakkar med dei som sit der, eller dei går rundt på romma til dei som ynskjer det. Mange er einsame og då betyr desse besøka mykje. Hovudfokus er å vera saman med dei.*

*Mange eldre bur fortsatt heime og har liten omgang med andre. Dei som ynskjer det, kan få ein besøksven frå Røde Kors. Enkelte vil ha besøk berre for å prata og drikke kaffi. Andre vil gå tur eller ha følgje til ein butikk. Det er opp til den enkelte, men besøksven skal ikkje vera hushjelp/vaskehjelp. Ofte er det den eldre sjølv som ber om besøksven, men det er og ofte familien som tek kontakt.*

*Besøkstenesta arrangerer også Seniorkafè, den eine veka på Heiane og den andre på Leirvik.*

*Besøkstenesta har òg hatt ansvar for kaffi og kaker samt tillaging av bord på Eldredagen, som vert arrangert i Kulturhuset kvart år.*

*På grunn av korona så er det ikkje så mykje aktivitet no. (2020)*

*Stord Røde kors sin besøksteneste er eit døme på uthaldande frivillig innsats til beste for mange einskild individ. (Både for dei som får besøk og dei som går på besøk).*

*Besøkstenesta gjer også ein stor samfunnsinnsats då einsemd, særleg blant eldre, er eit stort samfunnsproblem.*

- *Prisen vert kr. 5.000 til Røde Kors Besøkstenesta. Intensjonen med midlane er at det vert arrangert ei hyggeleg samkome for frivillige i besøkstenesta.*

### Statleg finansiering av omsorgstenester

*Eldrerådet vurderer det slik at Stord kommune ikkje er førebudd på å delta i statleg finansiert omsorgstenester. Stord kommune bør difor trekkja søknaden om å delta i denne forsøksordninga.*

## **2. OVERSENDINGSFRAMLEGG**

- Eldrerådet er knytt opp mot Utval for rehabilitering, helse og omsorg. Eldrerådet bør også få relevante saker som skal handsamast i andre utval.
- Det er vedteke at eigedomsskatten skal fakturerast kvar mnd. Eldrerådet er uroa for eldre og andre brukargrupper som ikkje brukar internett, og som vil få gebyr kvar mnd. Eldrerådet ber rådmannen sjå om det er mogleg å få til ei ordning med faktura på kommunale avgifter og eigedomsskatt kvar 3. mnd. for personar over 65 år.
- Sosiale møteplassar  
Nils Tore Gram Økland er elderrådet sin representant i ei arbeidsgruppe som arbeider med prosjektet Aldersvenleg samfunn på Stord. Eitt av initiativa i dette prosjektet har fått midlar til frå fylket, er å prøva ut ein mellombels sosial møteplass i sentrum (for å prøva ut korleis han fungerer).  
Dei har hatt møte med planavdelinga i kommunen og med Sparebanken Vest, som også er i gang med planar om tiltak i Torg-området. I tillegg kjenner me jo til planane om eit aktivitetsområde i Borggarden (mellombels sett på vent for avklaring, men midlar er løyvt). Så har me også skulpturen midt på Torget. Med andre ord – det er mange initiativ, men ingen samla plan for området. I prosjektgruppa for Aldersvenleg samfunn var dei difor einige om at dei m.a. burde ta dette opp i elderrådet. Økland fremja difor følgjande utkast til brev som kan gå til politisk og administrativt nivå i kommunen:

## Oversendingsframlegg til kommunestyret og administrasjonen

### Sosiale møteplassar i området Torget – Borggarden

Eldrerådet er oppteke av at Leirvik sentrum skal vera ein triveleg stad å opphalda seg. Mange eldre er flittige brukarar av offentlege og private tenester og tilbod i sentrum, og stadig fleire eldre bur no i eller nær sentrum.

Leirvik er difor ikkje berre ein viktig møteplass, men også eit buområde for mange eldre. Difor støttar eldrerådet initiativa for å utvikla gode og trivelege sosiale møteplassar i området Torget – Borggarden. Eldrerådet meiner likevel at det er viktig å unngå å gode einskildinitiativ øydelegg heilskapen og estetikken i eit sentralt byrom. Det vil stå i motstrid til det som er det felles målet – trivsel i sentrum.

Det finst ein reguleringsplan for Leirvik sentrum, sist revidert i 2009. I reguleringsføresegnene 4.6.1, som omhandlar torgområdet, står det at «endeleg utforming skal gjerast gjennom detaljregulering av området» i form av ein detaljplan. Denne planen er til no ikkje laga, og alle tiltak vert no gjort på dispensasjon.

Eldrerådet ber kommunestyret ta politisk ansvar og styring ved å sikra midlar og ta initiativ til å få på plass ein slik plan snarast råd.

I påvente av endeleg detaljplan kan t.d. ei fagleg utarbeidd skisse bli gitt status som førande dokument både for den endelege planen og for vurderinga av tiltak som enno ikkje er gjennomførte.

- Uttale til ABO Plan og Arkitektur vedk. detaljregulering for Natrutekaien  
Kaiområdet er eit areal med kryssande og blanda trafikk. Dette skapar uoversikleg og uklare trafikksituasjonar. Det er difor ønskeleg med ein markert, langsgående korridor for fotgjengarar. Dette kan t.d. gjerast ved hjelp av ei 2,5 m brei stripe med eigen type asfalt eller farga asfalt.  
Det er også viktig med høvelege sitjeplassar i kvar ende av reguleringsområdet, og at det vert terskelfri tilgang til parkområdet ved Hauglandsstøtta.
- Oversending til rådmannen:  
Kva er gjort for å greia ut nye omsorgsplassar/-tenester knytt til institusjonane, jamfør budsjett 2020 på kr. 200.000.
- Spørsmål til Vestland fylkeskommune  
Stord eldreråd ber om at fylkeskommunen må gjera tiltak for å få til ei ordning, slik at dei utan internett også kan kjøpa billett og kan reisa med buss.
- Donasjon til gode formål til eldre  
Sidan Eldredagen 2020 vart avlyst, ønskjer Eldrerådet å nytta kr. 5.000 til innkjøp av naudsynt utstyr til Hagerupshuset,

### 3. ORIENTERINGAR

- Orientering om Stord sjukeheim ved einingsleiar Esther Aasen Bjelland
- Orientering om Trivsels- og samarbeidsforum v/einingsleiar Kristin Steinsland
- Bruk av Rehabiliteringssenteret til 24/7 brukarar frå Heimebaserte tenester i sommar og korleis stoda er no ved einingsleiar Britt Sørensen Dalsgård
- Orientering om politiske saker ved ordførar Gaute Epland

#### **4. TILSKIPINGAR**

##### Eldredagen planlagt 3.10.2020

Eldrerådet 27.04.:Rådet avventar til over sommaren med å avgjera om den må avlysast eller ikkje.

Eldrerådet 24.08.: Eldrerådet avlyser eldredagen på grunn av koronasituasjonen. Eldrerådet kontaktar samarbeidspartnarane og informerer om situasjonen.

#### **5. PROSJEKTDELTAKING**

- Arbeidsgruppe for Byromsstrategi – Nils Tore Gram Økland
- Styringsgruppa Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2021-2031 – Tove Dypå Lunde
- Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland
- Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter – Randi Helland
- Styringsgruppa i prosjektet Telerehabilitering i Stord kommune, eining for aktivitet og re/habilitering – Nils Tore Gram Økland
- Aldersvenleg samfunn på Stord – Nils Tore Gram Økland

#### **6. ANDRE REPRESENTASJONAR**

Tove Dypå Lunde, Nils Tore Gram Økland, Randi Helland, Hans Emil Johansen og Tove Garli deltok på videokonferanse i regi av Vestland fylkeskommune 04.09. og 02.10 2020.

Tove Dypå Lunde deltok på videokonferanse vedk. Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging i regi av Fylkesmannen i Vestland 30.09.2020.

Tove Dypå Lunde deltok på møte vedk. Nytt aktivitetssenter Bandadalen 15.12.2020.

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart avlyst grunna koronasituasjonen.

Stord, 13. januar 2021

Tove Dypå Lunde  
leiar